

Utkast til konsesjonsvilkår for Fedje Helikopterplass, Høgden

1 Konsesjonshavars ansvar

Fedje kommune er konsesjonshavar og ansvarleg for å drive og rå over landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassen er til privat bruk, og det er krav om særskilt samtykke frå konsesjonshavar for å bruke landingsplassen. Brukarane skal gjerast kjent med konsesjonsvilkåra. Forsvars-, politi- og luftambulanseoppdrag krev ikkje tillating . Landingsplassen skal primært brukast til losflyging.

3 Flybevegelsar

Konsesjonen er basert på et trafikkomfang på 1500 flybevegelsar i løpet av en tolv måneders periode. Trafikkomfanget er absolutt. Eit høgare trafikkomfang føreset at konsesjonen vert endra. Konsesjonshavar skal loggføre talet på flyrørsler på landingsplassen, der dato og tidspunkt for flyginga skal dokumenterast. Luftfartsmyndigheitene kan bestemme at det skal sendast inn trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen vert tillatt brukt hele døgeret, med mindre det vert sett i verk operative restriksjonar gjennom ei eventuell teknisk og operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11.

4 Miljøkrav

Konsesjonshavar har ansvar for å utarbeide inn- og utflygingstrasear i saman med lokale myndigheiter. Det skal tas særleg omsyn til verneområda rundt landingsplassen.

Luftfartstilsynet kan fastsetje nærmare krav til inn- og utflyging dersom verneområda rundt landingsplassen ikkje blir tatt nok omsyn til.

5 Endring av konsesjonen og dispensasjon frå konsesjonsvilkår

Konsesjonshavar skal varsle Luftfartstilsynet om fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen, og større endringar i bruken. Varslingsplikta gjeld midlertidige eller varige endringar av ein slik karakter at det kan ha følgje for vurderinga av vilkåret «allmenne hensyn» i luftfartsloven § 7-6 fyrste ledd.

Varsling må skje i rimeleg tid før ein ønsker å utføra endringa, slik at luftfartsmyndigheitene kan avgjera om det er nødvendig med ei ny konsesjonsbehandling.

Luftfartsmyndigheitene kan i særlege tilfelle dispensere frå konsesjonsvilkåra.

6 *Luffartsmyndighetens kompetanse*

Luffartsmyndighetene kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luffartsmyndighetene kan gi pålegg om gebyr til statskassa til den som driver eller rår over landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra under punkt 2 og 3 over.

Konsesjonen kan bli kalla tilbake dersom konsesjonsvilkår, lovføresegn eller forskrifter som gjelder for konsesjonshavarens verksemd, på vesentleg måte blir overskrida under utøving av verksemda.

Luffartstilsynet
13.11.2023